



**Ullensvang
kommune**

Forskrift om skole- og feriedagar 2026-2027, Ullensvang kommune, Vestland fylke

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Ullensvang kommune den xx.xx.2025 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 14-1 andre ledd.

§ 1. Formål og verkeområde

Forskrifta gir informasjon om kva for skole- og feriedagar elevane har skoleåret 2026-2027. Elevane har rett og plikt til å møte på skolen på dei fastsette dagane.

Forskrifta gjeld for elevar ved alle grunnskular i Ullensvang kommune skoleåret 2026-2027.

§ 2. Tabell for skoleruta 2026-2027

Dato	Talet på skoledagar	Ferie/fri/merknad
August	6	Skulestart 24. august 2026.
September	22	
Oktober	17	Hautferie 5. oktober - 09. oktober 2026.
November	21	
Desember	16	Juleferie frå og med 23. desember.

Dato	Talet på skoledagar	Ferie/fri/merknad
Januar	19	Første skoledag etter juleferie: 05. januar 2027.
Februar	20	
Mars	12	Vinterferie 01.-05. mars 2027. Påskeferie 22.-29. mars 2027.
April	22	
Mai	18	Fri Kristi himmelfartsdag 06. mai 2027. Fri 07. mai 2027. Fri 17. mai 2027 (grunnlovsdag og 2. pinsedag).
Juni	17	Siste skoledag: 23. juni 2027.
<i>Sum skoledagar</i>	190	

§ 3. Lokale variasjonar

Det er ingen lokale variasjonar i Ullensvang kommune, og forskrifta gjeld likt for alle grunnskulane.

§ 4. Unntak frå skoleruta

Det er ikkje høve til å gjera unntak frå skuleruta i Ullensvang kommune.

§ 5. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft 01. august 2026 og opphøyrar 31. juli 2027.